



Ålfotbreen
verneområdestyre

Møteinnkalling

Utval: Ålfotbreen verneområdestyre
Møtestad: Florø
Dato: 08.12.2023
Tidspunkt: 12:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Vi har styremøte frå kl 12.00
Kl 13.30 får vi servert lutefisk på hotellet.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 17/23	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 18/23	Signering av protokoll frå førre møte		
RS 6/23	Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker på styremøte 4-2024		2019/10793
RS 7/23	Ålfotbreen verneområdestyre - status på tiltak og tiltaksmidlar styremøte 4/2023		2019/4056
ST 19/23	Ålfotbreen verneområdestyre - revidering av tiltaksplan for 2024		2019/10801
ST 20/23	Ålfotbreen verneområdestyre - søknad om tiltaksmidlar og SNO-ressursar for 2024		2019/4056
ST 21/23	Ålfotbreen verneområdestyre - driftsbudsjett for 2024		2019/2582
ST 22/23	Eventuelt		

ST 17/23 Godkjenning av innkalling og sakliste
ST 18/23 Signering av protokoll fra førre møte



Arkivsaksnr: 2019/10793-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 01.12.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	6/23	08.12.2023

Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker på styremøte 4-2024

Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringssakene til vitande.

Saksopplysningar

Delegert vedtak

SFE Produksjon fekk i oktober løyve til å lande med helikopter ved bremålingshytta nord for sjølve Ålfotbreen. Landingane var i samband med fjerning av den gamle containeren som har stått der og fungert som lager for NVE.

Økonomi

Ålfotbreen verneområdestyre har fått tildelt eit driftsbudsjett på 115.000 kr i 2023. Per 29.11 er om lag 90.000 av dette budsjettet brukt.

Nasjonalparkstatus

Statsforvaltaren har vore hos Bremanger kommune og informert om prosessane der, både Ålfotbreen og Hornelen. Elles held Statsforvaltaren kontakten med kommunane og vil gjerne bidra med informasjon til dei nye kommunestyra etter valet.

Det manglar framleis grønt lys frå både Bremanger og Gloppen for å gå vidare med utgreinga.

Rådgjevande utval

Rådgjevande utval for Ålfotbreen landskapsvernområde hadde sitt årlege møte 2.oktober på Gloppen hotell. Referat ligg vedlagt til sakspapira.



Arkivsaksnr: 2019/4056-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 01.12.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	7/23	08.12.2023

Ålfotbreen verneområdestyre - status på tiltak og tiltaksmidler styremøte 4/2023

Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringa til vitande.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Status på tiltak og tiltaksmidler

Bakgrunn

Ålfotbreen verneområdestyre har fått 300.000 i tiltaksmidler for 2023. Styret gjorde vedtak på styremøte 1/2023 om korleis desse skulle fordelast og brukast.

Generelt

Det har vore eit krevjande år med tanke på å bruke tiltaksmidlane i tråd med fordelinga. Vi har hatt med oss tiltak og føringar frå tidlegare år, vi har fått forseinkingar grunna sakshandsaming hos kommune og fylkeskommune og det har dukka opp uføresette krav. Alt dette har ført til at den reelle bruken av tiltaksmidlane skiljer seg ganske mykje frå det opphavslege vedtaket.

Rydde skog langs skogsveg i Hope

Dette vart gjennomført på våren so snart det var tøya, og omtrent i tråd med kostnadsestimatet. Erfaring ut over sommaren er at det gror fort igjen, og at dette er eit tiltak som må gjentakast med visse mellomrom.



Sti til Blåbrebu

Forvaltar og naturoppsyn har vore på synfaring, skrive rapport og laga ein plan. Vi vil i første rekke fokusere på å ruste opp brua. Arbeidet har blitt utsett i påvente av å få løyve til helikoptertransport.

Tilrettelegging i Førdedalen

Her er vi i dialog med grunneigarane, kommune og entreprenør for å utvikle plassen og innfallsporten vidare. Det er kjøpt inn ei bålpanne/grill. Den står på lager hos SNO i Olden, og vert sett ut til våren.

Sti Åskora til breen

Her har forvaltar og SNO vore på synfaring og skrive ein kort rapport. Vi vurderer det slik at her ikkje er aktuelt å gjere store tiltak med dagens bruk av stien og tilstanden den har i dag.

Parkeringsplass i Grøndalen

Tiltaket var i utgangspunktet ikkje på lista for 2023, men vi hadde noko arbeid og nokre midlar som hang igjen frå 2022. Dette tiltaket har blitt vesentleg meir omfattande og kostbart enn estimert. Vi måtte velje den dyraste løysinga for parkeringsplass grunna trafikktryggleik. Anleggskostnaden vart dyrare enn forventa grunna lang transport. Vi fekk og eit krav frå fylkeskommunen om å avgrense avkøyrsla som medfører ekstraarbeid. Vi har gjort avtale om dette arbeidet og betalt det med årets midlar, og so vert jobben gjort i 2024.

Totalt har om lag 250.000 av dei 300.000 vi har i tiltaksmidlar i år, gått med her.

Tilsyn med brua ved Skarvevatnet

Vi har avtalt å yte ein mindre sum til Midtre Nordfjord turlag for den jobben dei gjer med tilsyn med brua ved Skarvevatnet, lage den til på våren og gjere den vinterklar om hausten.



Arkivsaksnr: 2019/4056-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 01.12.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	19/23	08.12.2023

Ålfotbreen verneområdestyre - revidering av tiltaksplan for 2024

Innstilling frå forvaltar

Framlegg til tiltaksplan vert vedteken, eventuelt med endringar gjort i møtet.

Saksopplysningar

Kvart år søker verneområdestyret om tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet, som skal nyttast til tiltak som skal sikre og fremje verneverdiane, og for å oppnå dei måla som er sett i forvaltningsplan og besøksstrategi. Tiltaka som vert planlagt og søkt om midlar til, bør vere forankra i planverk, som til dømes ein tiltaksplan.

Ålfotbreen verneområdestyre har ein tiltaksplan som er eit enkelt og dynamisk dokument. Tiltaksplanen er å rekne som eit vedlegg til forvaltningsplanen.

Verneområdestyret brukar å revidere tiltaksplanen enten kvart eller annakvart år. Då kvitterer ein ut og tek vekk tiltak som er gjennomført, tek vekk tiltak som ikkje lenger er aktuelle, og legg til nye tiltak som det har kome innspel om eller som forvaltninga sjølv ser bør gjennomførast. Det hender og at tiltak som allereie står i tiltaksplanen vert oppdatert eller justert i tråd med utført arbeid eller ny kunnskap.

Utkast til tiltaksplan vert sendt ut som vedlegg til sakspapira og diskutert i møtet. Styret kan gjere endringar i utkastet i form av nye tiltak, fjerne tiltak eller gjere justeringar i dei tiltaka som står der.



Arkivsaksnr: 2019/4056-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 01.12.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	20/23	08.12.2023

Ålfotbreen verneområdestyre - søknad om tiltaksmidler og SNO-ressursar for 2024

Innstilling frå forvaltar

Prioritet	Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnads- overslag
1	Tilsyn med brua ved Skarvevatnet	Tilsyn. Legge på plass dekke etter vinteren. Gjere den vinterklar til hausten	6 000
2	Sti til Blåbrebu	Mindre tilretteleggings- og sikringstiltak langs den merka stien frå Grøndalen til Blåbrebu. Ruste opp brua ved Grøndalsstøylen	60 000
3	Rydde og merke sti Grøndalen - Svartedalen	Flora turlag har planlagt tiltaket og vil få det utførst med lokal ungdom.	30 000
4	Tilrettelegging Førdedalen	Mindre tiltak i samband med naturmøteplass kor det er sett opp gapahuk. Toppdekke ved gapahuken. Tilkomst til vatnet. Vurdere å sette opp toalett om ein får avtale om tilsyn og drift.	150 000
5	Rydde og remerke stiar i Grøndalen	Rydde og merke opp att dei gamle stiane rundt Grøndalen. Helst få til ein rundtur	20 000
6	Infoskilt	Sette opp fleire infoskilt i Hyen, Flora og Bremanger	100 000
7	Skilt	Sette opp nye skilt, og erstatte gamle og øydelagde skilt, langs stiar og vegar	5000
Totalt			396 000



Ønska ressursar frå SNO i 2024:

1. Deltaking på møta i verneområdestyret
2. Kontrollere dispensasjonar og saker
3. Planlegging og gjennomføring av stiarbeid
4. Deltaking på andre møte i regi av verneområdeforvaltninga

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Rammer og opplegg for statsforvalteren og verneområdestyrer
- Strategi for bruk av tiltaksmidler i verneområder 2020-2025

Verneområdestyret skal sette opp ei liste over tiltak ein vil bestille midlar til i 2024. Lista skal sendast til Miljødirektoratet og vere grunnlag for tildeling av tiltaksmidlane utpå nyåret. Bestillinga bør bygge på besøksstrategi, forvaltningsplan, tiltaksplan eller skjøtselsplan . Miljødirektoratet sin strategi for bruk av tiltaksmidlar ligg vedlagt.

Vilkår for bruk av midlane:

- Midlane er statlege investeringsmidlar (kan ikkje nyttast til tiltak).
- Midlane skal nyttast til tiltak i regi av forvaltninga.
- Midlane kan nyttast til tiltak innan skjøtsel, tilrettelegging og informasjonsarbeid.
- Midlane skal nyttast i tråd med føringar frå Miljødirektoratet.

Styret må vurdere kva tiltak som skal inn på lista, kor stor sum som skal stå på kvart tiltak og so skal alle tiltaka ha ei unik prioritering. Verneområdeforvaltaren har sett opp ei liste over aktuelle tiltak basert på pågåande tiltak, tiltak som har vore på tiltaksplan men ikkje blitt gjennomført enno, og nye tiltak som er spelt inn siste året.

Summane som står her er rettleiande. Dei bygger enten på erfaringar eller signal frå grunneigarar eller andre som skal utføre dei. For skjøtselstiltak er summen oftast ei ramme som grunneigarlag eller andre jobbar for. Som oftast vert heile ramma brukt.

Tilretteleggingstiltak er derimot ofte verre å estimere.

Søknad om tiltaksmidlar skal sendast til Miljødirektoratet via elektronisk søknadssenter, og søknadsfrist er normalt kring nyttår.



Her er oversikt over dei tiltaka som forvaltninga har sett opp som er mest aktuelle for tiltaksmidlar i 2024.

Prioritet	Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnads- overslag
1	Tilsyn med brua ved Skarvevatnet	Tilsyn. Legge på plass dekke etter vinteren. Gjere den vinterklar til hausten	6 000
2	Sti til Blåbrebu	Mindre tilretteleggings- og sikringstiltak langs den merka stien frå Grøndalen til Blåbrebu. Ruste opp brua ved Grøndalsstøyla	60 000
3	Rydde og merke sti Grøndalen - Svartedalen	Flora turlag har planlagt tiltaket og vil få det utførst med lokal ungdom.	30 000
4	Tilrettelegging Førdedalen	Mindre tiltak i samband med naturmøteplass kor det er sett opp gapahuk. Toppdekke ved gapahuken. Tilkomst til vatnet. Vurdere å sette opp toalett om ein får avtale om tilsyn og drift.	150 000
5	Rydde og merke stiar i Grøndalen	Rydde og merke opp att dei gamle stiane rundt Grøndalen. Helst få til ein rundtur	20 000
6	Infoskilt	Sette opp fleire infoskilt i Hyen, Flora og Bremanger	100 000
7	Skilt	Sette opp nye skilt, og erstatte gamle og øydelagde skilt, langs stiar og vegar	5000
Totalt			396 000

Styret må og sette opp ei liste over kva ressursar man ønskjer frå SNO i 2024. Her er eit framlegg frå verneområdeforvaltar:

5. Deltaking på møta i verneområdestyret
6. Kontrollere dispensasjonar og saker
7. Planlegging og gjennomføring av stiarbeid
8. Deltaking på andre møte i regi av verneområdeforvaltninga



Handsaming i møte:

- Har styremedlemmene tiltak eller prosjekt som bør inn på lista?
- Har de kome innspel eller planar direkte til styremedlemmene som bør vere med på lista?
- Er det tiltak her som ikkje bør vere med på lista?
- Tiltaka må ha unik prioritering i søknaden.



Arkivsaksnr: 2019/2582-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 01.12.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	21/23	08.12.2023

Ålfotbreen verneområdestyre - driftsbudsjett for 2024

Innstilling frå forvaltar

Ålfotbreen verneområdestyre søker Miljødirektoratet om eit driftsbudsjett på kr 139.170,- for 2024.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Driftsbudsjett for Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen verneområdestyre for 2024 (framlegg)

Bakgrunn

Verneområdestyret må sende søknad til Miljødirektoratet om midlar til drift av styret. Styret bør derfor sette opp eit budsjett over forventa kostnader som kan vere grunnlag for den søknaden.

For å få eit realistisk budsjett bør styret tenke over kor stor aktivitet man ser for seg i det komande året. Då er det fleire moment som styrt bør ta stilling til.

Styremøte

I følge vedtektene bør styret tre saman minst fire gonger i året. Med den saksmengda Ålfotbreen har, so er det tilstrekkeleg for å handtere og handsame sakene. Det vanlege er derfor å legge fire styremøte til grunn for budsjettet. Knytt til styremøta må vi ta høgde for møtegodtgjerdslø, tapt arbeidsforteneste, reisekostnader og kostnader til lokale og servering på møta.

Første styremøte vert lagt saman med kompetanseprogrammet for nye styre.



Rådgjevande utval

Kostnadane med Rådgjevande utval skal dekkast over driftsbudsjettet til styret. Representantane her har krav på å få dekkja reisekostnad. I tillegg har vi kostnadar med møterom og enkel servering som vi brukar å ha på møta. Rådgjevande utval får ikkje møtegodtgjerdsl.

Kompetanseprogram

Det vert arrangert kompetanseprogram for nye styre i 2024. Vi jobbar no med planlegginga av samlinga, og håpar vi kan legge den til første halvdel av mars. Vi må ta høgde for kostnadar til samlinga i budsjettet, dei som deltek har krav på å få dekkja reise, opphald og møtegodtgjerdsl. Både faste representantar og vararepresentantar vert invitert.

Drift av nettsider

Vi har nokre mindre kostnader til drift av nettsidene våre. Vi har der ein avtale med leverandør av nettsidene, Trollbinde AS på Dombås

Planmidlar

Styret har ikkje behov for planmidlar i 2024.

Ålfotbreen verneområdestyre søker Miljødirektoratet om eit driftsbudsjett på kr139.170,- for 2024.

ST 22/23 Eventuelt